

# Vestlandske Bondestemna!

Kringom fra Vest-Noregs øyer og strender, —  
Inne fra dalar og breidbygde grender —  
Menner med sterke og hardslitne horder  
møter til samråd med samyrkefrendar  
Drivne av lengt etter elnskap og semja.  
Noreg si »mornæringssak« vil dei fremja!  
**Bøndene stemner mot Bjørgvin!**

Her er ein leidang i frødeleg herferd.  
Ingen treng fly denne fylking sitt nærvær!  
Landet si æra, med tryggje og trivnad —  
Folket si velferd i kristeleg livnad —  
Om desse skattar dei, no vil slå ringen!  
Brørshand til alle! Med ufred til ingen!  
**Bøndene stemner mot Bjørgvin!**

Enn kan retten av makti fortrengjast!  
Storhavi enn av ein verdskrig kan stengjast!  
Lat oss kje lita so heilt på vår skipskjøl  
at ho vert oppærd av gravrust, vår plogfjøl.  
Lat oss stå vakt om den sanningi klåre:  
Enn kan dei berga oss, å kranne vårel!  
Gud signe stemna i Bjørgvin!

Johs. M. L. Rydland.